



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: *Kommunestyresalen Hareid rådhus*
Dato: *20.12.2012*
Møtet tok til *16:00*
Møtet slutta *19.25*

Kommunestyret var kalla inn i samsvar med kommunelova § 32, pkt.2 og reglementet til Hareid kommune.

Innkallinga og saklista har vore kunngjord med oppslag i rådhuset og med kunngjering i Vikebladet/Vestposten (gjeld kun KST).

Medlemene har vorte varsla skriftleg via e-post. Saksdokumenta har vore utlagde til ålment ettersyn på heimesida til Hareid kommune frå og med 11.12.2012.

FASTE MEDLEMAR SOM MØTTE:

Namn	Funksjon	Representerar
Stian Runne Brandal	Medlem	AP
Siv Marit Røyset Kaldhol	Medlem	AP
Kjersti Røyset Topphol	Medlem	KRF
Marit Øien Sæverud	Medlem	KRF
Einar K. Warholm	Medlem	V
Lars E. Bjåstad Hovlid	Medlem	V
Annika Brandal	Medlem	V
Anders Riise	Ordførar	H
Ottar Røyset	Medlem	H
Alice Strømmegjerde	Medlem	H
Jenny Bjåstad Nettet	Medlem	H
Vidar Vollsæter	Medlem	H
Kjartan Grimstad	Medlem	FRP
Øyvind Grimstad	Medlem	FRP
Truls Håbakk	Medlem	FRP
Dag Audun Eliassen	Varaordførar	FL
Hallgeir Teigene	Medlem	FL
Kristian Fuglseth	Medlem	FL
Ingunn Petrin Pettersen	Medlem	FL
Bjørn Overå	Medlem	FL

FASTE MEDLEMAR SOM IKKJE MØTTE:

Namn	Funksjon	Representerar
Perny Ann Nilsen	MEDL	FRP

VARAMEDLEMAR SOM MØTTE:

Namn	Møtte for	Representerar
May Britt Ertesvåg	Perny Ann Nilsen	FRP

FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:

Namn	Stilling
Anne-Karete Mork	Utvalsekretær
Helga Bøe-Grimstad	Utvalsekretær
Bent Arild Grytten	Rådmann
Gry Nordal	Kommunalsjef oppvekst
Oddbjørn Grimstad	Kommunalsjef kultur
Nils Yngve Nupen	Kommunalsjef teknisk
Elly Kirkeslett	Kommunalsjef velferd
Svein Elde	Økonomileiar
Olav Brubakk	Brannsjef
Signe R. Kanstad	Leiar Plan
Lars Hustad	Einingsleiar
Ottar Grimstad	Kommuneoverlege

ANDRE SOM MØTTE

Jostein Støylen	Kontrollutvalet
Jarl Schrøder	Hareid kontrollutval

Ordførar Anders Riise leia møtet

21 voterande

Dette vart delt ut i møtet:

Vedlegg til sak PS 119/12 Kommunal planstrategi;

Førebels svar frå Kystverket, datert 10.12.2012 og Fråsegn frå Kystverket, datert 17.12.2012.

Til sak PS 125/12:Tilråding frå møte i formannskapet 13.12.2012

Til sak PS 127/12:Tilråding frå møte i formannskapet 04.12.2012

Boka Eiksundsambandet.

Kommunestyret handsama PS 113/12

Kommunestyret handsama PS 114/12

Kommunestyret handsama RS 32/12

Kommunestyret handsama PS 115/12

Kommunestyret handsama PS 116/12

Kommunestyret handsama PS 117/12

Kommunestyret handsama PS 118/12

Kommunestyret handsama PS 119/12

Kommunestyret handsama PS 120/12

Kommunestyret handsama PS 121/12

Kommunestyret handsama PS 122/12

Kommunestyret handsama PS 123/12

Kommunestyret handsama PS 128/12

Kommunestyret handsama PS 124/12

Kommunestyret handsama PS 125/12

5 min pause i møtet kl. 17:35

SAKLISTE MED SAKSDOKUMENT

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
	Politiske saker	
PS 113/12	Godkjenning av innkalling og saksliste	
PS 114/12	Godkjenning av protokoll førre møte	
	Referat saker	
RS 32/12	Utskrift frå møtebok 03.12.2012	2012/14
	Politiske saker	
PS 115/12	Utskrift frå møtebok 03.12.2012 - Plan og retningsliner for selskapskontroll 2012 - 2013	2012/14
PS 116/12	Utskrift frå møtebok 03.12.2012 - Plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016	2012/14
PS 117/12	Utskrift frå møtebok 03.12.2012 – Rettleing for kontrollutvalet og kommunestyret sitt tilsynsansvar	2012/14
PS 118/12	Søknad om spelemidlar for 2013 – Godkjenning og prioritering	2012/1444
PS 119/12	Kommunal planstrategi 2012-2016 Hareid kommune	2012/1669
PS 120/12	Selskapsavtale for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS	2012/103
PS 121/12	Samarbeid om interkommunalt forebyggande arbeid mellom Sande-, Herøy-, Ulstein- og Hareid kommune frå 2013 og vidare	2012/1604
PS 122/12	Dagsenter for eldre – endringar og utvikling	2012/1805
PS 123/12	Kystvegen Måløy - Florø AS - Aksjeutviding	2012/1699
PS 128/12	Klage på utmåling av tilskot til privat barnehage	2012/1041
PS 124/12	Hareid sjukeheim - bruk av plassar	2012/1781
PS 125/12	Inføring av eigedomsskatt i Hareid	2012/1791
PS 127/12	Handlingsprogam 2013 - 2016	2012/1775
PS 126/12	Forpliktande plan for berekraftig kommuneøkonomi i Hareid	2012/1808

Hareid, 11.12.2012

Anders Riise
Ordførar

Anne-Karete Mork
Utvalsekretær

POLITISKE SAKER

PS 113/12 Godkjenning av innkalling og saksliste

Kommunestyret si handsaming:

Ingen merknad

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Innkalling og sakliste godkjent utan merknadar

PS 114/12 Godkjenning av protokoll førre møte

Kommunestyret si handsaming:

Kommunestyret hadde ingen merknad til protokollen frå møtet 22.11.2012

Siv Marit R Kaldhol og Kjartan Grimstad vart valt til å signere protokoll frå førre møte, 22.11.2012

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Protokoll godkjend

REFERAT SAKER

RS 32/12 Utskrift frå møtebok 03.12.2012

Samrøystes teke til vitande

POLITISKE SAKER

PS 115/12 Utskrift frå møtebok 03.12.2012 - Plan og retningslinjer for selskapskontroll 2012 - 2013

Kommunestyret si handsaming:

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

- 1. Kommunestyret vedtek Plan og retningslinjer for selskapskontroll 2012 – 2012 i samsvar med vedlegget.**
- 2. Gjennomføring av selskapskontroll vert i samsvar med pkt. 5 i Plan og retningslinjene.**

PS 116/12 Utskrift frå møtebok 03.12.2012 - Plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016

Kommunestyret si handsaming:

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

- 1. Kommunestyret vedtek plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2013 – 2016 slik den ligg føre, med prioritering av flg.
Forvaltningsrevisjonsprosjekt/ område**
 - 1. Økonomistyring og budsjett. Budsjettet som styringsverktøy (Budsjett, rekneskap, løn, budsjettprosessar, budsjettoppfølging og rapportering. Kvaliteten på budsjettet og budsjett disiplin er viktig)**
 - 2. Pleie og omsorgsområdet. (re-habilitering, institusjonsplassar og heimetenesta. Overtidsbruk, heile stillingar i høve til deltidstillingar (stillingsprosentar)**
 - 3. Konsekvensane for manglande vedlikehald av kommunale bygg.**
 - 4. Kompetanseutvikling og rekruttering.**
 - 5. Grunnskule spesialundervisning/ PP teneste.**

Kontrollutvalet skal konkretisere det enkelte prosjekt når dei er klare for utføring.

- 2. Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/ eller endre prioriteringa i perioden.**
- 3. Betaling for utførte prosjekt vert dekkja inn i den årlege betalings-/ tilskotsordninga til kommunen sin revisjon.. Dersom andre utfører forvaltningsrevisjon på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn eller**

kompetanse, vert betaling å avgjere i det enkelte tilfelle (jf. lov om off. innkjøp).

PS 117/12 Utskrift frå møtebok 03.12.2012 - RETTLEIING FOR KONTROLLUTVALET OG KOMMUNESTYRET SITT TILSYNSANSVAR

Kommunestyret si handsaming:

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

- 1. Kommunestyret vedtek Rettleiing for kontrollutvalet og kommunestyret sitt tilsynsansvar i samsvar med vedlegget.**
- 2. Møta i kontrollutvalet vert først opne etter eige vedtak i utvalet og seinast ved lovending om opne møte.**

PS 118/12 SØKNAD OM SPELEMIDLAR FOR 2013 - GODKJENNING OG PRIORITERING

Kommunestyret si handsaming:

Vidar Volsæter H, stilte spørsmål om sin habilitet grunna at han er leiar i idrettslaget, og trer frå møtet.

20 voterande

Han vert samrøystes røysta ugild jf. Forvaltningslova § 6.e

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Hareid kommunestyre vedtek slik prioritering av søknadane om spelemidler for 2013:

- A. Ordinære anlegg**
 - 1. Lagerbygg Hareid stadion**
 - 2. Sunnmøre Golfklubb driving range**

Ingen søknader til nærmiljøanlegg eller mindre kostnadskrevjande anlegg.

PS 119/12 KOMMUNAL PLANSTRATEGI 2012-2016 HAREID KOMMUNE

Kommunestyret si handsaming:

Vidar Vollsæter H, kjem til i møtet att

21 voterande

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

I medhald av Plan og bygningslova § 10-1 godkjenner Hareid kommunestyre *Planstrategi 2012-2016 for Hareid kommune*, slik den ligg føre i vedlegg 1. i denne sak.

PS 120/12 SELSKAPSAVTALE FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS**Kommunestyret si handsaming:**

Anders Riise, H kom med fylgjande forslag:

§ 18, stryk. Selskapet skal ha statsautorisert revisor.

Røysting:

Innstillinga frå formannskapet vedteke med 17 mot 4 røyster

Det vart så røysta over tilleggsforslaget til Anders Riise, samrøytes vedteke.

Vedtak:

Hareid kommunestyre vedtek forslag til ny selskapsavtale som det går fram av møtebok frå representantskapet i sak nr. R 23/12.

§ 18, stryk. Selskapet skal ha statsautorisert revisor.

PS 121/12 SAMARBEID OM INTERKOMMUNALT FOREBYGGANDE ARBEID MELLOM SANDE -, HERØY -, ULSTEIN - OG HAREID KOMMUNE FRÅ 2013 OG VIDARE**Kommunestyret si handsaming:**

Annika Brandal V, kom med fylgjande forslag til endring på punkt 2:

Hareid kommune vedtek å vere med i interkommunalt samarbeid om utekontakt/ ungdomsteam vidare, eventuelt i ei ny organisering.

Røysting:

Det vart røysta slik:

Innstillinga frå formannskapet – samrøystes vedteke

Annika Brandal sitt forslag til endring i punkt 2 - samrøystes vedteke

Vedtak:

1. Hareid kommune samarbeider i 2013 og vidare med Herøy-, Ulstein- og Sande kommune om VIT- og PMTO-prosjekta med Ulstein kommune som vertskommune, og sluttar seg til vertskommuneavtalene som ligg ved. Det vert vidare arbeidd for å etablere eit fagnettverk mellom folkehelsekoordinatorane innafør God Helse.

2. Hareid kommune vedtek å vere med i interkommunalt samarbeid om utekontakt/ ungdomsteam vidare, eventuelt i ei ny organisering.
3. Husleigeavtale med Ulstein om lokalitetar er oppsagt då det ikkje lenger er aktivitet knytt til samarbeidet i huset, og koordinatorstillinga vert avvikla i tråd med den strukturen som vart vedteke i den nye samarbeidsavtalen.
4. Det vert arbeidd for at kostnaden med dei tiltaka som ein går vidare med vert dekt av eksterne prosjektmidlar, midlar som tidlegare har vore sett av til interkommunalt førebyggjande arbeid og midlar som no kjem i rammeoverføringane til dette formålet.
5. Samarbeidsorganet vert bede om å arbeide vidare innafor mandatet sitt til å finne gode samarbeidstiltak som kan løysast i fellesskap mellom kommunane innanfor dei rammer ein til ei kvar tid har.

PS 122/12 DAGSENTER FOR ELDRE - ENDRINGAR OG UTVIKLING

Kommunestyret si handsaming:

Elly Kirkeslett, *kommunalsjef for velferd orienterte i saka.*

Røysting:

Samrøystes

Vedtak:

Hareid kommunestyre ser positivt på at dagsenter for eldre vert vidareutvikla ved å legge meir vekt på førebyggjande tiltak for heimebuande eldre. Dette inneber auka tilbod på fysiske, sosiale og kulturelle aktivitetar.

Vedtak om plass ved dagsenter vert frå 2013 gjort i medhald av Helse- og omsorgstenestelova § 3.3.

Pris for deltaking ved dagsenteret vert frå 2013 kr 145 pr dag. Dette inkluderar dagsenteropphald, transport, middag og kaffe.

PS 123/12 Kystvegen Måløy - Florø AS - Aksjeutviding

Kommunestyret si handsaming:

Røysting:

Rådmannen si tilråding vedteke med 14 mot 7 røyster.

Vedtak:

Hareid kommune er positiv til å verte eigar i selskapet Kystvegen Måløy – Florø AS og gir rådmannen mynde til å teikne aksjar på 10.000 kr, jfr. invitasjon i brev datert 16.10.12. Det er ein føresetnad at aksjeutvidinga stettar krava i aksjelovgivinga.

Aksjekapitalen vert finansiert ved bruk av reserverte tilleggslyøvvingar for budsjettåret 2013.

PS 128/12 Klage på utmåling av tilskot til privat barnehage

Kommunestyret si handsaming:

Rådmannen legg fram forslag til ny innleiing i punkt 2:

For å imøtekomme Grønmyr barnehage AS sitt krav – i sin klage av 3. sept. 2012 – om at kapitaltilskotet må utmålast etter event. dokumentert "anskaffelseskost", fastset Hareid kommunestyre....

Røysting:

Det vart røysta slik:

Instillinga frå formannskapet – samrøystes vedteke

Endringsframlegg frå rådmannen – samrøystes vedteke

Vedtak:

- 1 Med grunnlag i klagen frå Grønmyr barnehage Holstad AS, ved advokatfirma Hombles Olsby, dat. 3. sept. 2012 vedk. utmåling av kommunalt tilskot for 2011, vil Hareid kommune hevde at § 5 i «Forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av tilskudd til ikke-kommunale barnehager» opnar for «ny verdivurdering» av anskaffelseskost av barnehagar, slik kapitaltilskotet ved 1. utmåling bygger på.
- 2 For å imøtekomme Grønmyr barnehage AS sitt krav – i sin klage av 3. sept. 2012 – om at kapitaltilskotet må utmålast etter event. dokumentert "anskaffelseskost", fastset Hareid kommunestyre ny utmåling av tilskot pr. heiltids plass til privat barnehage for 2011:

Små barn (0 - 2 år)

- Driftstilskot kr. 157.427,08 (ingen endring)
- Kapitaltilskot kr. 3.339,33 (ny sats)

Store barn (3 - 5 år)

- Driftstilskot kr. 76.035,49 (ingen endring)
- Kapitaltilskot kr. 3.339,33 (ny sats)

Samla tilskot til Grønmyr Barnehage Holstad AS vert netto – inkl. kompensasjon for kommunal søskenmoderasjon kr. 186.764 - utmålt til kr. 12.698.884 for 2011, jfr. vedlagde dokumentasjon og utmåling.

Saka vert å sende over til Fylkesmannen i Møre og Romsdal til endeleg avgjerd.

PS 124/12 Hareid sjukeheim - bruk av plassar

Kommunestyret si handsaming:

Kjartan Grimstad, FRP kom med forslag:

Rådmannen si tilråding.

Kjersti R. Toppol KRF, kom med fylgjande forslag til endring:
"så langt ikkje har vore mogleg i staden for ikkje er mogleg"

Rådmannen kom med fylgjande forslag om endring:
Tak bort ordet bufelleskap i andre setning.

Røysting:

Formannskapet si innstilling opp mot Kjartan Grimstad sitt forslag (= rådmannen si tilråding) vedteke med 17 mot 4 røyster.

Rådmannen sitt forslag til endring – samrøystes vedteke

Kjersti R. Toppol sitt forslag til endring vedteke med 17 mot 4 røyster.

Vedtak:

Hareid kommunestyre tar til vitande at det så langt ikkje har vore mogleg å gjennomføre reduksjonen på sjukeheims plassar frå 49 til 41 slik kommunestyret vedtok i sak 21/12.

Kommunestyret ber om at ein greier ut ei eventuell omlegging frå sjukeheim til bukollektiv.

Kommunestyret ønskjer at ein framleis skal ha som målsetting å tilby einerom til dei som får fast plass ved sjukeheimen. Bruk av dobbeltrom ved fast plass skal berre skje etter ønske frå pasientar sjølve.

For pasientar på korttidsplass kan det nyttast dobbeltrom når faglege og ressursmessige vurderingar er lagt til grunn.

PS 125/12 Inføring av eigedomsskatt i Hareid

Kommunestyret si handsaming:

Hareid Arbeidarparti legg fram fylgjande forslag til endring i innstillinga:

Første avsnitt i rådmannen si innstilling vert endra til:

«Hareid kommunestyre vedtek å innføre eigedomsskatt i Hareid kommune frå og med 2014.»

Lars Erling Hovlid Bjåstad V, kom med forslag til rådmannen si tilråding. Med fylgjande tilleggspunkt: *Eigedomsskatt vert å avslutte etter 5 år.*

Truls Håbakk, FRP fremma ynskje om å protokollføre røystinga.

Røysting:

Det vart røysta slik:

Formannskapet si innstilling opp mot rådmannen si tilråding, vedteke med 13 mot 8 røyster.

Desse røysta for rådmannen si tilråding: Frå KRF: Kjersti R. Toppol og Marit Øien Sæverud. Frå AP: Stian Runne Brandal og Siv Marit R. Kaldhol. Frå Venstre: Annika Brandal, Einar Warholm og Lars Erling B. Hovlid. Frå FL, Bjørn Overå

Desse røysta for formannskapet si innstilling: Frå H: Anders Riise, Ottar Røyset, Alice Strømmegjerde, Jenny T.B. Nettet, Vidar Vollsæter. Frå FRP: Kjartan Grimstad, Øyvind Grimstad, Truls Håbakk og May Britt Ertesvåg. Frå FL: Dag Audun Eliassen, Hallgeir Teigene, Kristian Fuglseth, Ingunn Pettersen,

Vedtak:

Hareid kommunestyre vedtek å ikkje innføre eigedomsskatt i Hareid kommune.

PS 127/12 Handlingsprogam 2013 - 2016

Kommunestyret si handsaming:

Dag Audun Eliassen, FL fremma felles framlegg frå Ap, Høgre, Folkelista, KRF og Venstre:

Samarbeid med andre kommunar

Hareid kommunestyre ønskjer å utvide samarbeidet med Ulstein kommune i 2013. Ulstein skal i januar 2013 inviterast til drøftingar om saka, jamfør felles formannskapsmøte.

Samordningsvinst kr 400.000 i økonomiplanperioden pr. år

Det er eit krav at samarbeid skal gje ei meir kostnadseffektiv drift i økonomiplanperioden.

2013: 400.000 2014: 400.000 2015: 400.000

2016: 400.000

Effektiv og framtidsretta organisering av kommunen si drift

Rådmannen skal innan utgangen av 1. kvartal 2013 legge fram sak med ein total gjennomgang av kommunen sin organisasjon der målet er å redusere lønskostnadene knytt til administrasjon og drift. Fokus skal spesielt vere på talet og storleiken på sektorar, einingar og avdelingar.

Saka skal munne ut i eit framlegg til nedbemanningsplan.

Innsparing i økonomiplanperioden kr. 11.000.000 fordelt slik:

2013: 2.000.000 2014: 3.000.000 2015: 3.000.000

2016: 3.000.000

Sjukeheimar/omsorg

Gode tenester levert av kompetent personell til rett tid og rett nivå skal vere ei klar overordna målsetjing for pleie og omsorg i Hareid kommune i økonomiplanperioden.

Dette vert å oppnå gjennom følgjande tiltak:

- *Det skal i budsjettåret leggjast til rette for at private kan bygge konsentrerte omsorgsbustader knytt til sentrumsområda ved Hadartun for å oppnå raskare gjennomføring og dermed auka livskvalitet for bebuarane og effektiv drift av heimebasert omsorg.*
- *Stillinga som sjukepleiar ø-hjelp vert trekt inn igjen frå budsjettet. Dette fordi ein ikkje kunne legge ned 8 plassar ved sjukeheimen i 2012, og samstundes har ein tilført både ekstra nattevakt og andre ressursar i heimebasert omsorg. Innsparing på kr 466.000.*

2013. 466.000

2014: 466.000

2015: 466.000

2016: 466.000

Born og unge

Skule:

Logoped:

Hareid kommune har ikkje hatt eigen logoped på mange år og for å kome i gong med dette arbeidet, som er særst viktig for å førebygge lese- og skrivevanskar, vil ein ta inn igjen dette i økonomiplanen:

Auka utgift:

2013: 50.000 2014: 50.000 2015: 100.000 2016: 100.000

Skulebruksplan:

Skulebruksplan for Hareid kommune skal leggast fram for kommunestyret seinast på mai-møtet 2012, og denne skal danne grunnlag for framtidig organisering og synergjar, moglegheiter for kvalitetsheving av skuleresultat, og auka kvalitet på lærarane. Det er og viktig å belyse korleis ein får god skuleleiing, etterutdanning av lærarar og skuleeigar-kompetanse.

Barnehagedrift:

Rådmannen skal innan utgangen av 1. kvartal legge fram sak gjeldande reduksjon av talet på barnehagar. Saka må innehalde ei tydeleg utgreiing om storleiken på ein samordningsgevinst i økonomiplanperioden og vurdering av å nytte tomtene til andre formål, herunder sal av tomter.

Leigesatsar for skulebygg:

Korrigering av feil satsar ved utleige av skular til næringslivet. Justering av satsane for 2013 med 10% auke i høve 2012-nivået (alle satsar i kroner):

A	Klasserom, spesialrom pr. gong/dag	370
	Aula, lesesal, musikkrom pr. gong/dag	1 100
	Lesesal pr. gong/dag	500
	Aula gang pr. gong/dag	370
B	Ein gymsal utan garderobe og dusj pr. gong/time	240
	Ein gymsal med garderobe og dusj pr. gong/time	360
	Ein gymsal med to garderobar og dusj pr. gong/time	410

TEKNISKE TENESTER**Sjølvkostberekningar vatn, feiing og kloakk:**

Det skal leggast fram sak om sjølvkostberekninga av vatn, feiing og kloakk, der målet er kvalitetssikring i tråd med råd frå tidlegare forvaltningsrevisjonar av området.

Hareid godsterminal

Hareid kommunestyre ber formannskapet om å utarbeide ei vurdering av mogleg sal av Hareid godsterminal heilt eller delvis innan 1. halvår 2013. Vurderinga må ta høgde for at ein kan selje deler av eigedommen og eventuelt sitje att med kai-anlegget.

Politisk styring og kontroll punkt 1.4 diverse

1. Godtgjersle ordførar vert vidareført med 8,6 G.
2. Godtgjersle varaordførar vert redusert frå 1,8 G til 0,9 G.

Redusert utgift:

2013: 75.000 2014: 75.000 2015: 75000 2016: 75000

Finans/dekking av akkumulert underskot**Utbyte**

Med grunnlag i KLP sitt kjøp av aksjar i Tussa og signalisert auka utbyte, vert dette justert opp med 1.500.000 kr for 2013 og 500.000 pr. år i resten av økonomiplanperioden.

2013: 1.500.000 2014: 500.000 2015: 500.000 2016: 500.000

Parkering:

Hareid kommune har vedteke at det skal innførast parkeringsavgift i sentrum, og dette vil gje reduserte utgifter og auka inntekter.

Red. utgifter/auka inntekter i økonomiplanperioden kr 3.100.000 vert fordelt slik:

2013: 400.000 2014: 900.000 2015: 900.000
2016: 900.000

Investeringar i økonomiplanperioden:

Startlån:

Kommunestyret vedtek at ein aukar startlån/formidlingslån til totalt kr 6.000.000 kvart år i økonomiplanen. Dette er eit tiltak som ikkje belastar kommuneøkonomien og er viktig for nyetablering, spesielt for dei yngre.

VAR/kommunalteknisk drift, sjølvkostområde:

Hareid kommune har hatt ei god utvikling innanfor VAR området, men det står att viktige utbetningsprosjekt, spesielt innan avløp. Sidan dette ikkje belastar drifta til kommunen, er det rom for å auke naudsynte investeringar.

Auka investering:

2013: 2.500.000 2014: 2.500.000,- 2015: 3.000.000 2016: 3.000.000

Generelt:

Oppfølging av vedtak.

Kommunen skal også i 2013 ha eit spesielt fokus på oppfølging av politiske vedtak. Formannskapet får delegert mynde til å vedta eit system for rapportering i tillegg til ordinær kvartalsrapportering i 2013. Kommunestyret presiserer særskilt punkt 6 i rådmannen si innstilling: "Budsjettramene for 2013 er bindande for rameområda (sektornivå) og må ikkje overskridast utan at det skjer etter samtykkje frå kommunestyret eller etter fullmakter gjeve i økonomireglementet." Tiltak i budsjett som går på reduksjon i drifta vert å setje i verk så snart som mogleg. Nye tiltak i budsjett vert å avvente inntil budsjett for 2013 er godkjent av Fylkesmannen.

Tiltak i budsjettframlegget				
Endringar	2013	2014	2015	2016
Samarbeid andre kommunar	400 000	400 000	400 000	400 000
Effektivisering gjennom org.endring	2 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
75% ø-sjukepleiar	466 000	466 000	466 000	466 000
Logoped	-50 000	-50 000	-100 000	-100 000
Redusert godtgjersle varaordførar	75 000	75 000	75 000	75 000
Utbyte Tussa	1 500 000	500 000	500 000	500 000
Parkering	400 000	900 000	900 000	900 000
Sum reduksjon driftskostnader	4 791 000	5 291 000	5 241 000	5 241 000

Oversikt over generelt tilpassingsbehov				
Utfordringar	2013	2014	2015	2016

Dekning akkumulert underskot	6 000 000	7 600 000	1 600 000	0
Disposisjonsfond				
Stoppe meirforbruk	3 300 000	3 300 000	3 300 000	3 300 000
Nye tiltak sett i verk 2012	1 900 000	1 900 000	1 900 000	1 900 000
Generell styrking frie inntekter	-7 000 000	-7 000 000	-7 000 000	-7 000 000
Sum tilpassingsbehov i perioden	4 200 000	5 800 000	-200 000	-1 800 000
Overføring til disposisjonsfond	-591 000	509 000	-5 441 000	-7 041 000

Auke i tildeling fordelt pr sektor				
Sektor	2013	2014	2015	2016
Sentraladministrasjon	0	0	0	0
Oppvekst	4 900 000	4 900 000	4 900 000	4 900 000
Velferd	2 100 000	2 100 000	2 100 000	2 100 000
Næring, kultur og samfunnsutvikling	300 000	300 000	300 000	300 000
Kommunalteknisk drift	0	0	0	0

Kjartan Grimstad FRP, la fram fylgjande forslag:

Hareid kommunestyre ber rådmannen:

1. Forberede sal av Hareid kommune sine aksjar i Tussa
2. Forberede sal av Hareid Godsterminal med naudsynt kai areal, (event. heile kaiområdet)
3. Forberede sal av Brandal skulebygg med kommunalt eigd uteareal.
4. Utlysning av salgsobjekta skal ver klar snarast råd. Seinast i løpet av Mars månad.
5. Forberede nedlegging og sal av Hjørungavåg Barnehage med uteareal så snart det blir ledig nødvendig kapasitet i dei andre kommunale eller private barnehagane.
6. Salgspris for kvart objekt skal godkjennast av formannskap før sal blir gjennomført.
7. Inntektene av salget skal i sin heilheit brukast til nedbetaling av gjeld.

Anders Riise H, fremma fylgjande forslag til endring til FSK si innstilling:

Stryk kulepunkt 1 og 2.

Røysting:

Det vart røysta slik:

Formannskapet si innstilling, fyrste setning – samrøystes vedteke

Formannskapet si innstilling til kulepunkt 1, skal strykast – samrøystes vedteke

Formannskapet si innstilling til kulepunkt 2, skal strykast – samrøystes vedteke

Formannskapet si innstilling til kulepunkt 3, skal leggest til – samrøystes vedteke

Det vart så røysta over FRP sitt forslag, fall med 17 mot 4 røyster

Det vart så røysta over fellesforslaget frå FL, H, AP, V, KRF, vedteke med 17 mot 4 røyster.

Vedtak:

Kommunestyret vedtek Handlingsprogram 2013 – 2016 slik det ligg føre i prenta saksvedlegg.

- **Midlar til solskjerming på Sjukeheimen vert teke inn att i budsjetter. Totalt kr. 150.000,- - delfinansiering kr 35.000,- Netto kr. 115.000,-**

Samarbeid med andre kommunar

Hareid kommunestyre ønskjer å utvide samarbeidet med Ulstein kommune i 2013. Ulstein skal i januar 2013 inviterast til drøftingar om saka, jamfør felles formannskapsmøte.

Samordningsvinst kr 400.000 i økonomiplanperioden pr. år

Det er eit krav at samarbeid skal gje ei meir kostnadseffektiv drift i økonomiplanperioden.

2013: 400.000	2014: 400.000	2015: 400.000
2016: 400.000		

Effektiv og framtidsretta organisering av kommunen si drift

Rådmannen skal innan utgangen av 1. kvartal 2013 legge fram sak med ein total gjennomgang av kommunen sin organisasjon der målet er å redusere lønskostnadene knytt til administrasjon og drift. Fokus skal spesielt vere på talet og storleiken på sektorar, einingar og avdelingar.

Saka skal munne ut i eit framlegg til nedbemanningsplan.

Innsparing i økonomiplanperioden kr. 11.000.000 fordelt slik:

2013: 2.000.000	2014: 3.000.000	2015: 3.000.000
2016: 3.000.000		

Sjukeheimar/omsorg

Gode tenester levert av kompetent personell til rett tid og rett nivå skal vere ei klar overordna målsetjing for pleie og omsorg i Hareid kommune i økonomiplanperioden.

Dette vert å oppnå gjennom følgjande tiltak:

- *Det skal i budsjettåret leggjast til rette for at private kan bygge konsentrerte omsorgsbustader knytt til sentrumsområda ved Hadartun for å oppnå raskare gjennomføring og dermed auka livskvalitet for bebuarane og effektiv drift av heimebasert omsorg.*
- *Stillinga som sjukepleiar ø-hjelp vert trekt inn igjen frå budsjettet. Dette fordi ein ikkje kunne legge ned 8 plassar ved sjukeheimen i 2012, og samstundes har ein tilført både ekstra nattevakt og andre ressursar i heimebasert omsorg. Innsparing på kr 466.000.*

2013. 466.000	2014: 466.000	2015: 466.000
2016: 466.000		

Born og unge

Skule:

Logoped:

Hareid kommune har ikkje hatt eigen logoped på mange år og for å kome i gong med dette arbeidet, som er særst viktig for å førebygge lese- og skrivevanskar, vil ein ta inn igjen dette i økonomiplanen:

Auka utgift:

2013: 50.000	2014: 50.000	2015: 100.000	2016: 100.000
---------------------	---------------------	----------------------	----------------------

Skulebruksplan:

Skulebruksplan for Hareid kommune skal leggast fram for kommunestyret seinast på mai-møtet 2012, og denne skal danne grunnlag for framtidig organisering og synergjar, moglegheiter for kvalitetsheving av skuleresultat, og auka kvalitet på lærarane. Det er og viktig å belyse korleis ein får god skuleleiing, etterutdanning av lærarar og skuleeigar-kompetanse.

Barnehagedrift:

Rådmannen skal innan utgangen av 1. kvartal legge fram sak gjeldande reduksjon av talet på barnehagar. Saka må innehalde ei tydeleg utgreiing om storleiken på ein samordningsgevinst i økonomiplanperioden og vurdering av å nytte tomtene til andre formål, herunder sal av tomter.

Leigesatsar for skulebygg:

Korrigerer av feil satsar ved utleige av skular til næringslivet. Justering av satsane for 2013 med 10% auke i høve 2012-nivået (alle satsar i kroner):

A	Klasserom, spesialrom pr. gong/dag	370
	Aula, lesesal, musikkrom pr. gong/dag	1 100
	Lesesal pr. gong/dag	500
	Aula gang pr. gong/dag	370
B	Ein gymsal utan garderobe og dusj pr. gong/time	240
	Ein gymsal med garderobe og dusj pr. gong/time	360
	Ein gymsal med to garderobar og dusj pr. gong/time	410

TEKNISKE TENESTER**Sjølvkostberekningar vatn, feiing og kloakk:**

Det skal leggast fram sak om sjølvkostberekninga av vatn, feiing og kloakk, der målet er kvalitetssikring i tråd med råd frå tidlegare forvaltningsrevisjonar av området.

Hareid godsterminal

Hareid kommunestyre ber formannskapet om å utarbeide ei vurdering av mogleg sal av Hareid godsterminal heilt eller delvis innan 1. halvår 2013. Vurderinga må ta høgde for at ein kan selje deler av eigedomen og eventuelt sitje att med kai-anlegget.

Politisk styring og kontroll punkt 1.4 diverse

1. Godtgjersle ordførar vert vidareført med 8,6 G.
2. Godtgjersle varaordførar vert redusert frå 1,8 G til 0,9 G.

Redusert utgift:

2013: 75.000 2014: 75.000 2015: 75000 2016: 75000

Finans/dekking av akkumulert underskot**Utbyte**

Med grunnlag i KLP sitt kjøp av aksjar i Tussa og signalisert auka utbyte, vert dette justert opp med 1.500.000 kr for 2013 og 500.000 pr. år i resten av økonomiplanperioden.

2013: 1.500.000 2014: 500.000 2015: 500.000 2016: 500.000

Parkering:

Hareid kommune har vedteke at det skal innførast parkeringsavgift i sentrum, og dette vil gje reduserte utgifter og auka inntekter.

Red. utgifter/auka inntekter i økonomiplanperioden kr 3.100.000 vert fordelt slik:

2013: 400.000 2014: 900.000 2015: 900.000
2016: 900.000

Investeringar i økonomiplanperioden:

Startlån:

Kommunestyret vedtek at ein aukar startlån/formidlingslån til totalt kr 6.000.000 kvart år i økonomiplanen. Dette er eit tiltak som ikkje belastar kommuneøkonomien og er viktig for nyetablering, spesielt for dei yngre.

VAR/kommunalteknisk drift, sjølvkostområde:

Hareid kommune har hatt ei god utvikling innanfor VAR området, men det står att viktige utbetningsprosjekt, spesielt innan avløp. Sidan dette ikkje belastar drifta til kommunen, er det rom for å auke naudsynte investeringar.

Auka investering:

2013: 2.500.000 2014: 2.500.000,- 2015: 3.000.000 2016: 3.000.000

Generelt:

Oppfølging av vedtak.

Kommunen skal også i 2013 ha eit spesielt fokus på oppfølging av politiske vedtak. Formannskapet får delegert mynde til å vedta eit system for rapportering i tillegg til ordinær kvartalsrapportering i 2013. Kommunestyret presiserer særskilt punkt 6 i rådmannen si innstilling: "Budsjettramene for 2013 er bindande for rameområda (sektornivå) og må ikkje overskridast utan at det skjer etter samtykkje frå kommunestyret eller etter fullmakter gjeve i økonomireglementet." Tiltak i budsjett som går på reduksjon i drifta vert å setje i verk så snart som mogleg. Nye tiltak i budsjett vert å avvente inntil budsjett for 2013 er godkjent av Fylkesmannen.

Tiltak i budsjettframlegget				
Endringar	2013	2014	2015	2016
Samarbeid andre kommunar	400 000	400 000	400 000	400 000
Effektivisering gjennom org.endring	2 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
75% ø-sjukepleiar	466 000	466 000	466 000	466 000
Logoped	-50 000	-50 000	-100 000	-100 000
Redusert godtgjersle varaordførar	75 000	75 000	75 000	75 000
Utbyte Tussa	1 500 000	500 000	500 000	500 000
Parkering	400 000	900 000	900 000	900 000
Sum reduksjon driftskostnader	4 791 000	5 291 000	5 241 000	5 241 000

Oversikt over generelt tilpassingsbehov				
Utfordringar	2013	2014	2015	2016
Dekning akkumulert underskot	6 000 000	7 600 000	1 600 000	0
Disposisjonsfond				
Stoppe meirforbruk	3 300 000	3 300 000	3 300 000	3 300 000
Nye tiltak sett i verk 2012	1 900 000	1 900 000	1 900 000	1 900 000

Generell styrking frie inntekter	-7 000 000	-7 000 000	-7 000 000	-7 000 000
Sum tilpassingsbehov i perioden	4 200 000	5 800 000	-200 000	-1 800 000
Overføring til disposisjonsfond	-591 000	509 000	-5 441 000	-7 041 000

Auke i tildeling fordelt pr sektor				
Sektor	2013	2014	2015	2016
Sentraladministrasjon	0	0	0	0
Oppvekst	4 900 000	4 900 000	4 900 000	4 900 000
Velferd	2 100 000	2 100 000	2 100 000	2 100 000
Næring, kultur og samfunnsutvikling	300 000	300 000	300 000	300 000
Kommunalteknisk drift	0	0	0	0

PS 126/12 Forpliktande plan for berekraftig kommuneøkonomi i Hareid

Kommunestyret si handsaming:

Dag Audun Eliassen fremma fylgjande forslag til vedtak:

"Ein viser til vedtak i PS 127/12 Handlingsprogram 2013-2016, og ber administrasjonen arbeide desse endringane inn i den forpliktande planen. Der det er behov for spesifisering av fordelinga av beløpa frå overordna nivå ned til sektornivå og resultateiningsnivå, får formannskapet mynde til å gjere vedtak om dette."

Røysting:

Dag Audun Eliassen sitt forslag vedteke med 17 mot 4 røyster.

Vedtak:

Ein viser til vedtak i PS 127/12 Handlingsprogram 2013-2016, og ber administrasjonen arbeide desse endringane inn i den forpliktande planen. Der det er behov for spesifisering av fordelinga av beløpa frå overordna nivå ned til sektornivå og resultateiningsnivå, får formannskapet mynde til å gjere vedtak om dette.

Rådmannen ber om protokolltilførsel i sak 127/12

«Rådmannen gjer merksam på at fellesforslaget frå Høgre, Folkelista, Venstre, Arbeidarpartiet og Kristeleg Folkeparti, ikkje er konsekvensutgreidd av rådmannen, jf. kommuneloven sin § 23, 2. ledd.»

Røysting:

Rådmannen sin protokolltilførsel vart samrøystes teken inn i møteprotokollen.

Anne-Karete Mork
Utvalsekretær

Anders Riise
Ordfører
